# MENIGHETS*bladet*

04 - 2024



***Frå julaftå Klepp kyrkje 2023.***
*Frå venstre Emilie F.B. Sikkeland, Thea Bjørkavoll-Bergseth (m/rød vest). Andrea Bjørkavoll-Bergseth (bak), Nora Bjørkavoll-Bergseth, Peter Bjørkavoll-Bergseth (m/kvitt hovedplagg), og Live Sotnakk. I krybba ligg JESUSBARNET.*

KLEPP

FRØYLAND OG ORSTAD

ORRE

BORE

LUK 2,10-11:

MEN ENGELEN SA TIL DEI: «VER IKKJE REDDE! SJÅ, EG KJEM TIL DYKK MED BOD OM EI STOR GLEDE, EI GLEDE FOR HEILE FOLKET: I DAG ER DET FØDD DYKK EIN FRELSAR I DAVIDS BY. HAN ER DEN SALVA, HERREN.»

Organ for sokna i Klepp kyrkjelege fellesråd.
Kjem ut 4 gonger i året.

**Redaksjonskomité:**
Kari Haavardsholm - kontaktperson
Astrid Voll
Ståle Ravndal
Elin Anita Garpestad

**Layout-ansvarlig**:
Linda Aanestad Haugland

**Trykk**:
Olsson as

**Postadresse:**
Menighetsbladet
Postboks 101
4358 Kleppe

**Telefon:** 51 78 95 55

**E-post:** menighetsbladet@klepp-kirken.no

**Bankgiro: 3290.07.02239**

**Vippsnummer: 810948**

## Utgivelser i 2025

| Nr. | Stoff-frist | Utgivelse |
|---|---|---|
| 1 | 28.01. | 27.02. |
| 2 | 29.04. | 29.05 |
| 3 | 26.08. | 23.09. |
| 4 | 28.10. | 27.11. |

Med forbehold om ledig plass.

**Stoff-fristen må overhaldas!**

## Mail-adresser:

**menighetsbladet@klepp-kirken.no**
51 78 95 55

**Kari Haavardsholm,** 992 66 752
kontor@klepp-kirken.no

**Astrid Voll,** 924 63 073
astrid.voll@outlook.com

**Ståle Ravndal,** 928 90 335
stale.ravndal@gmail.com

**Elin Anita Garpestad,** 951 44 099
eagarpes@online.no

# KONTAKTLISTE
# KLEPP KYRKJELEGE FELLESRÅD

## KLEPP, ORRE OG BORE KYRKJEKONTOR

| | |
|---|---|
| Besøksadresse: | Kleppvarden 2, 4350 Kleppe |
| Postadresse: | Postboks 101, 4358 Kleppe |
| Telefon: | 51 78 95 55 |

**Kontortider:**
Måndag til torsdag: 09.00 - 14.00
Fredag: Stengt
Elles etter avtale

**Tilsette kyrkjekontoret:**

| | |
|---|---|
| Kyrkjeverge, Arvid Kaspersen | 401 57 641 |
| Sekretær, Kari Haavardsholm | 992 66 752 |
| Sekretær, Ingunn D Aandal | 924 19 934 |
| Diakonimedarbeider (vikar), Ruth Bråtveit | 472 59 486 |

**Klepp sokn:**

| | |
|---|---|
| Sokneprest, Just Salvesen | 410 04 692 |
| Dagleg leiar, Hilde N. Djønne | 481 25 450 |
| Sekretær, Ingunn D. Aandal | 924 19 934 |
| Kantor, Ola Sotnakk | 919 24 158 |
| Trusopplærar, Anette Dagfinrud Thorset | 919 21 631 |
| Trusopplærar, Andrea Bjørkavoll-Bergseth | 414 53 395 |
| Kyrkjetenar, Ketil Terning | 900 35 471 |
| Kyrkjelydsarbeidar, Karoline Undheim | 922 55 478 |

**Orre sokn:**

| | |
|---|---|
| Fungerande sokneprest, Gunther Theiss | 474 53 243 |
| Menighetspedagog, Erik Gjerdahl | 401 78 345 |
| Dagleg leiar, Hilde N. Djønne | 481 25 450 |
| Organist, Arne Hadland | |
| Administrasjonsmedarbeidar, Karoline Undheim | 922 55 478 |
| Ungdomsarbeidar, Karl Ørbeck Dächert | 991 56 865 |

**Bore sokn:**

| | |
|---|---|
| Sokneprest, Ivan Fjeld | 948 69 841 |
| Dagleg leiar, Hilde Kalvatn Eikeland | 480 36 029 |
| Sekretær, Kari Haavardsholm | 992 66 752 |
| Organist, Elin Underhaug Kanu | 909 45 278 |
| Menighetspedagog, Solfrid V. Skalvik | 934 95 349 |
| Trusopplærar, Jarle Stokka | 992 24 654 |
| Forbønstenesta i Bore: Andrine K. Homme | 909 76 477 |

## FRØYLAND OG ORSTAD KYRKJEKONTOR

Besøksadresse: Orstadbakken 33, 4353 Klepp stasjon
Postadresse: Postboks 43, 4356 Kvernaland

| | |
|---|---|
| Sokneprest, Morgan Fjelde | 489 97 108 |
| Seniorpastor, Per Larsen | 454 80 788 |
| Dagleg leiar, Marita Teigen Gamlemshaug | 938 37 283 |
| Musikalsk leiar / trusopplærar Inger Lende Sandve | 918 40 797 |
| Driftsleiar, Geir Ådne Vestvik | 928 56 689 |
| Ungdomspastor, Elisa Omdal | 454 60 727 |
| Barne- og familiepastor (vikar), Edel Egeland | 454 03 891 |

Barne- og familiepastorens **HJØRNE**

# Den gode hyrde

**I Matteus 25 forteller Jesus en lignelse om himmelriket og sammenligner oss mennesker med sauer og geiter. Jesus sier at vi skal være som sauene og ikke som geitene. Men, hva mener han egentlig med dette.**

Jeg husker godt da jeg var rundt tolv år. Hele familien var på besøk hos en sauebonde. Vi gikk ut på sauebeitene og skulle kalle inn sauene. Sauebonden fortalte oss da vi gikk til marken at sauene bare lyttet til hans stemme, og at de bare kom dersom det var han som ropte på dem. Dette syntes jeg var vanskelig å tro på, men bonden sa at vi alle sammen kunne prøve å kalle på sauene selv før han gjorde det. Vi stod på en liten ås og så ned på sauene på beitet. Jeg prøvde å rope på sauene så høyt jeg kunne og etter beste evne, det gjorde vi alle. Men sauene rikket seg ikke. Til slutt ropte sauebonden selv, og sauene kom løpende ved første rop.

Sauer kjenner hyrden sin, de går dit hyrden kaller dem. De spiser mat fra beitet som hyrden leder dem til. Geitene på den andre siden lytter ikke til en hyrde. De går dit de vil og en kan rope på dem i flere timer, men de kommer og går som de selv vil.

Når det kommer til maten de spiser, kan geiten spise alt de kommer over. De spiser ikke på engen som hyrden leder dem til.

Vi mennesker ønsker ofte å gå vår egne veier, vi tenker ofte at vi vet best. Jesus er den gode hyrde. I Johannes 10,14 står det: ***«Jeg er den gode hyrde. Jeg kjenner mine, og mine kjenner meg.»*** I dagens samfunn er det viktigere enn noen gang å lytte til hyrden, lese i bibelen og holde oss til hans ord og sannhet. Vi trenger Guds ord hver dag. I Matteus 4,4 står det skrevet: ***«Mennesket lever ikke av brød alene, men av hvert ord som går ut fra Guds munn.»*** Vær som sauen, kjenn hyrden.

*Edel Egeland*





## Ønskjer du nokon å snakka med?



Du er velkomen til å ta kontakt med prest og diakon for samtale.

**Sokneprest**, Just Salvesen (Klepp) - Tlf. **410 04 692**

**Sokneprest**, Ivan Fjeld (Bore) - Tlf. **948 69 841**

**Sokneprest**, Gunther Theiss (Orre) - Tlf. **474 53 243**

**Sokneprest**, Morgan Fjelde (Frøyland og Orstad) - Tlf. **489 97 108**

**Diakonimedarbeider**, Ruth Bråtveit - Tlf. **472 59 486**

# BISPE-VISITAS

## i Bore, Klepp og Orre sokn



***Bispevisitasen.***
*Siste post på programmet under fellesgudstenesta i Vollhallen 29. september 2024, var visitas-føredraget av biskop Anne Lise Ådnøy. Foto: Ståle Ravndal.*

**I veke 39 hadde me besøk av biskop Anne Lise Ådnøy med følgje i anledning bispevisitas for Klepp, Bore og Orre sokn. Det var eit fullspekka og variert program. Alt veka før, møttest dei tre sokneråda til eit felles møte i lag med biskopen, prost Lars Sigurd Tjelle, diakonirådgjevar Asbjørn Finnbakk og Geir Skårland. Biskopen med følgje deltok òg i fellesrådsmøte same kveld. Soknerådet i Orre nytta høvet til å avduka skipsklokka frå slutten av 1700-talet som vart funnen på loftet i Orre kyrkje.**

Sjølve visitasveka starta med felles stabsmøte i dei tre kyrkjelydane på tysdagen, kor alle fekk dela frå arbeidet sitt. Vidare gjekk det slag i slag med møter med kommuneleiinga og helsetenesta. Det vart ei frisk avslutning på dagen for biskopen som surfa i solnedgangen med konfirmantane i Klepp kyrkje på Bore-stranda.

Onsdag gjekk til bedriftsbesøk hjå tomatgartneriet til Jan Wiig. Etterpå var det pilegrimsvandring i lag med turgruppa i Bore. Vandringa gjekk frå Orre friluftshus til Orre gamle kyrkje kor biskopen deltok i ei enkel gudsteneste. På kvelden var det fokus på ungdommane i bygda på temakvelden *«Er det ingen vaksne heime»*. Ståle Kyllingstad hadde hovudinnlegget og delte av si erfaring; korleis oppnå gode resultat i lag. Vidare fekk me høyre frå idrettslag, politikarar, fagpersonar og representantar frå ulike tilbod for unge i Klepp. Søskena Tveranger krydra kvelden med flott song og musikk.

Torsdag besøkte biskopen ei hjørnesteinsbedrift i Klepp; Jæren Industripartner. Det var inspirerande å sjå det viktige arbeidet dei gjer for å inkludera fleire i arbeidslivet. Turen gjekk vidare til lunsj hos Nytt og Brukt på Stasjonsbygget. Her fekk biskopen eit innblikk i korleis *Stiftelsen Klepp nye kyrkje* jobbar for å samla inn pengar til den nye kyrkja i Klepp. Det var òg møte med skuleleiinga i kommunen, etterfylgt av Torsdagstreffen. Her fekk me høyre biskopen halde andakt.

Fredagen vart, forståeleg nok, litt kortare etter ei fullstappa veke. Då var det fleire samtalar mellom biskopen og dei tilsette, noko det og var sett av tid til mellom programpostane tidlegare i veka.

Det heile blei avslutta med felles gudsteneste med nattverd i Vollhallen for dei tre kyrkjelydane. Knøttekoret i Klepp og barnekoret i Bore danna eit stort barnekor som bidrog med smittande song, og gudstenesteverkstad i Klepp dramatiserte til tekstlesinga.

Dansegruppa i Bore og Orre skulekorps deltok óg. Preika vart halden av biskopen, og ny, fungerande vikarprest i Orre, Gunther Theiss, var teken i mot og bedt for. Etter ein liten pause med kyrkjekaffi, var det tid for å høyra biskopen sine tankar til dei tre kyrkjelydane i visitasforedraget.

Tekst: Karoline Undheim

*Etter ei kjekk visitasveke har me fått ny inspirasjon og motivasjon til å halde fram arbeidet til det beste for innbyggjarane våre.*



Biskop Anne Lise Ådnøy hadde med seg noko spennande som var innpakka då ho heldt andakt på Torsdagstreffen. Det blei gjetta mykje på kva som kunne vere inni, men ingen klarte å gjetta at det var eit brød!



(Stabsmøte)
Stabane i Klepp, Bore og Orre samla til felles stabsmøte.



(Just og Onar, Jæren industripartner)
Topp stemning på besøk hjå Jæren Industripartner!
Foto: Hilde N. Djønne.



Pilegrimsvandring frå Orre friluftshus til Orre gamle kyrkje.




***Desse var med og gjorde fellesgudstenesta under bispevisitasen til ei stor oppleving.***
*Frå venstre: Just Salvesen, prest i Klepp, Lars Sigurd Tjelle, prost i Jæren Prosti, Anne Lise Ådnøy, biskop i Stavanger, Arvid Kaspersen, kyrkjeverje i Klepp kommune, Marita Midthun Finstad, leiar av fellesrådet i Klepp kommune, og Unni Sirevåg Lende, nestleiar fellesrådet i Klepp kommune. I tillegg var nytilsett prest i Orre, Gunther Theiss medverkande. Han blei også innsett som prest i Orre av Prost Lars Sigurd Tjelle denne sundagen. Foto: Ståle Ravndal.*



*Bispevisitasen i Bore, Klepp og Orre.*
*Heile 450 deltok på fellesgudstensta i Vollhallen sundag 29. september 2024. Foto: Ståle Ravndal.*




# Nysgjerrig på tro?





**Damer i Byen Jæren**
inviterer til
STORSAMLING på
Storstova, Bryne





Vi er til for alle jenter i alle generasjoner, med og uten tro.





Lytt til sofaprat, appell og live-musikk. Vi har mye å by på!





Vi samles til tanker om hva det vil si å ha et trosliv.





Våren:
29. Januar
26. Mars
21. Mai

Kl. 19.30
(Dørene åpner kl. 18.30)





Mer info:

Facebook
Instagram
TIKTOK



# Juleevangeliet

***Jesus blir fødd. Luk.2, 1-20***

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrde til Davids hus og ætt og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.

Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Den salva, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

***«Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!»***

Då englane hadde fare attende til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunngjort for oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalde dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som høyrde på, undra seg over det gjetarane fortalde. 19 Men Maria gøymde alt dette i hjartet sitt og grunda på det. Og gjetarane vende attende. Dei lova og prisa Gud for alt dei hadde høyrt og sett; alt var slik som det var sagt dei.



# Nytt frå kyrkjeverja!

## Tilbakeblikk etter bispevisitasen:

I slutten av september hadde vi bispevisitas for Orre, Bore og Klepp sokn. Når eg nå ser tilbake på ei heil veke med stappfullt program, blir eg stolt og kjenner på stor takksemd! Vi fekk vist fram våre kyrkjelydar og alt godt arbeid frå både frivillige og tilsette, og biskopen blei både imponert og begeistra over dei levande og aktive kyrkjelydane våre. Takk til alle som deltok og bidrog under visitasen!

**Vi besøkte gartneriet til Jan Wiig** og vi vart rørte når han fortalde sterke og personlege historier frå eige liv. Vi fekk også omvising og presentasjon på Jæren Industripartner og høyrde om deira sosiale profil og viktige samfunnsbidrag. Dette er verkeleg noko å være stolt av i kommunen vår.

**Noko av det viktigaste og mest oppmuntrande var tre ulike møte med administrativ og politisk leiing i kommune**n. Vi fekk gode samtaler om både politiske og økonomiske rammer og betingelsar, men også om gjensidige forventningar og moglegheiter. Det gler oss særleg at kommunen ser på kyrkja sitt sosiale arbeid som ein viktig ressurs i nærmiljøet og for enkeltpersonar.

**Nå skal vi ikkje bare stå saman om å rehabilitera rådhuset, bygge kulturhus, ny kyrkje, seremonihage og aktivitetspark, vi skal også i fellesskap byggja ny profil og identitet for oss som bor i Klepp:  eit før og etter nytt sentrum.** Klepp sentrum skal bli eit levande og pulserande sentrum for alle generasjonar. Mykje skal gjerast, men vi som arbeider på kyrkjekontoret gler oss veldig over alle dei moglegheitene som nå ligg framfor oss.

Dei viktigaste suksessfaktorane som både biskopen, ordførar og kommunedirektøren heldt fram, er **samhald og frivillig innsats.** Alt, verken kan eller skal, løysast med kommunale kroner og dei tilsette sine hender.  Vi har nyleg talt opp at vi har 748 frivillige medarbeidarar i kyrkjene i Klepp. Det er imponerande! Å være frivillig, ha meiningsfulle oppgåver og yta til fellesskapet, bidreg både til å skape samhald, identitet, tilhøyra og forventning. Frivillig innsats gir derfor ein betydeleg meirverdi.

**Når vi framover skal fylla dei nye lokala med gode tilbod og aktivitetar til alle generasjonar, vil vi trenge mange fleire villige hender og føter.** Biskopen utfordrar oss derfor til å både sjå på korleis vi kan arbeida smartare på tvers av sokneråda, meir effektivt og rasjonelt i stabane og korleis vi kan rekruttera og engasjera fleire frivillige. Min oppfordring er derfor heilt klar: La oss jobba og gle oss saman, for det kan det koma mykje godt ut av.

**Personal:**
Diakon Ingelin Norbakken har sagt opp stillinga og har slutta i Klepp. Menighetspedagog Solfrid Vigdel Skalvik har også sagt opp og sluttar i Bore på nyåret. Vi ønskjer begge to lukke til framover! Inger Lende Sandve har permisjon frå si stilling som kyrkjemusikar og desse oppgåvene blir delt denne vinteren mellom engasjerte frivillige i Frøyland og Orstad. Simen Kaspersen er engasjert i ei lita stilling som ungdomskonsulent i Klepp.

Dei neste vekene skal leiargruppa arbeide med både struktur og organisering av tilsetteressursane våre og planleggje rekruttering av nye medarbeidarar.

Arvid Kaspersen, kyrkjeverje Klepp

*"Nå skal vi ikkje bare stå saman om å rehabilitera rådhuset, bygge kulturhus, ny kyrkje, seremonihage og aktivitetspark, vi skal også i fellesskap byggja ny profil og identitet for oss som bor i Klepp: eit før og etter nytt sentrum."*

# Ei trygg hamn

**UKRAINA: På flyktningsenteret til kyrkja Love of Christ møter vi 4 månader gamle Miran og mora Takhmina. Dei har vore i fangenskap og på flukt sidan krigen braut ut for snart tre år sidan. Medan dei eldste barna leikar i portrommet utanfor, fortel Takhmina oss historia si, med Miran ved brystet.**

## Då russarane kom

Russarane kom så fort at familien ikkje rakk å flykte. Soldatar small opp døra heime hos henne, der ho sat åleine med barna. Dei neste ni månadene vart eit mareritt, der ho berre fekk oppleve dagslys ein einaste gong. Takhmina og barna vart låste ned i kjellaren, medan soldatane slo seg ned i huset. Ho og barna torde ikkje gå ut. Ei bøtte vart toalettet til heile familien, rå poteter og innimellom nokre grønsaker var alt dei fekk å ete. Lukta var forferdeleg. Ein pensjonert nabo risikerte livet ved å levere drikkevatn til familien nokre gonger i veka.

## Tryggleiken

Ukrainske styrkar klarte til slutt å ta tilbake området der dei budde. Nyleg kom ho til tilfluktsrommet i Mykolaiv der Kirkens Nødhjelp, saman med den lokale kyrkjelyden, har gjort bomberommet under kyrkja om til ein trygg heim for folk på flukt. Her finst senger, kjøken, dusj og aktivitetsrom for barn. Ei nydeleg lukt av borschtsuppe siv ut frå kjøkenet.

– For første gong på veldig lenge søv vi no gjennom heile natta. Det er så stille og godt her, og det kjennest som vi har kome til ei trygg hamn.

Folk i kyrkjelyden og andre frivillige hjelper flyktningane med det dei treng. Takhmina og barna har hatt besøk av ein psykolog i dag tidleg, og jobbar no med å skaffa seg nødvendige papir, slik at dei kan få sosialstøtte og kome seg vidare i livet.

– Det er Guds velsigning at vi klarte å kome oss levande hit til denne staden, seier Takhmina.

Både i Ukraina og i Noreg skal vi snart feire jul og minnast den natta Jesusbarnet vart fødd inn i ei verd med fattigdom, forfølging og nød.

No, som då, er Gud midt i lidinga og nøda. Vi ser om og om igjen at menneske finn trøyst og håp i trua på noko som er større. Større enn oss sjølve, større enn fortvilinga og større enn "her og no". Kirkens Nødhjelp samarbeider med kyrkjer og religiøse samarbeidspartnarar over heile verda. Vi har ein tilleggsverdi i vårt diakonale arbeid - trua på eit håp, og at alle menneske er like mykje verd. Det er vårt kall og vår oppgåve å kjempe mot nød og fattigdom. Saman med kyrkjene i Noreg reddar vi liv, byggjer sterke lokalsamfunn og kjemper for rettferd - kvar dag.








*Foto: Håvard Bjelland, Kirkens Nødhjelp*

**SLIK GJEV DU DEN VIKTIGASTE JULEGÅVA I ÅR:**

Vipps eit valfritt beløp til **2426**
Send **GAVE** på SMS til **2426** og gje 300 kr.
Gåvekonto: **1594.22.87248**

# Årets julekonsertar

## i Frøyland og Orstad kyrkje

**Nå nærmar det seg jul og årets julekonsertar, og i Frøyland og Orstad kyrkje er det også i år et variert konsertprogram med mykje å glede seg til.**

**Funky Baptized fra Storsalen i Oslo drar i gang årets julekonsertsesong den 30.november.** Dei serverer eit repertoar av tradisjonelle julesongar saman med moderne gospel og eigne låtar.

**2. desember er det vårt eige Soul Children/Soul Teens kor** som skal i aksjon. Dette er ein gratiskonsert så her har alle moglegheit til å få med seg ein flott julekonsert.

**Søndag 8. desember inviterer Christian Ingebrigtsen, Maria Arredondo, Torstein Sødal, Gaute Ormåsen, Agnete Saba og Frøydis Grorud** deg inn i sitt musikalske univers – Vår Jul. Denne konserten spenner frå dei nære, norske julesongane til vakre balladar ikledd mektige melodiar.

**Søndag 15. desember kjem Voice of Joy,** eit gospelkor frå Haugalandet. I år har koret med Thor Haavik som gjest i konserten. Thor Haavik vil krydre konserten med verbale innstikk og gode historier.

**Det heile avsluttast onsdag 18. desember med konsert med Inger Lise Hope.** Hennes julekonsert har for mange blitt ein tradisjon, og publikum kan i år glede seg til at «Fredelig Jul» tar plass i Frøyland og Orstad kyrkje saman med fantastiske musikarar.

Meir informasjon om konsertane finn du på nettsidene til Frøyland og Orstad kyrkje, www.fok.no.

*Velkommen til ein spennande julekonsertsesong!*

Geir Ådne Vestvik






# Julekveldsvisa

*av Ola Sotnakk*

Historiene og visene til Alf Prøysen er jo for lengst vorte ein del av kulturarven, og er som nasjonalskattar å rekne. Så var det òg på sin plass at han omsider i 2013 vart teken inn i Norsk salmebok. Julekveldsvisa har vore skulepensum og allemannseige i mange tiår, og er no altså òg å finne mellom julesongane i salmeboka.

Då Alf Prøysen skreiv si debutbok «Dørstokken heme» i 1945, brukte han forfattaren og redaktøren Nils Johan Rud som konsulent. Rud var redaktør av bladet «Magasinet for alle», og skulle bli svært viktig for Prøysen.

I 1951 var Prøysen innom Rud på besøk. Rud heldt på med julenummeret av bladet sitt, og meinte at Juleevangeliet på eitt eller anna vis måtte vere med. Denne oppgåva ville han gje til Prøysen, og bed han skrive juleevangeliet på sin måte, slik at folk flest, som då mellom andre var arbeidarar og fattigfolk, forstår det. Det går ikkje mange dagane før Prøysen har skrive ein tekst som han viser Rud. Rud har stor sans for teksten, men føreslår likevel nokre små endringar. Prøysen tek imot innspela, og seier sjølv at han tykkjer at teksten no vart mykje betre.

I slutten av krigen hadde Prøysen vorte kjend med Arnljot Høyland. Høyland var matematisk statistikar, men òg svært musikalsk, og dei samarbeidde om revyar. I 1944 skreiv Prøysen «Lærlingvise» til ein av revyane, og Høyland skreiv melodi til. Prøysen spurde seinare Høyland om å få bruke denne melodien til teksten til Julekveldsvisa, noko Høyland ikkje hadde noko imot. Dermed skulle Høyland sin melodi bli ein norsk nasjonalskatt!

Teksten er bygd opp kring julestjerna, som Prøysen brukar som påminnar om kva som hende i jula. Fyrste verset fortel om praktiske juleførebuingar og er ei kort innleiing til julebodskapet som kjem i dei neste versa. Sjølve juleevangeliet er sterkt komprimert i vers 4 og 5, der han skriv inn Josef og Maria med Jesusbarnet i stallen, der dei får besøk av gjetarar og vismenn som har med seg gåver til guten. I siste verset viser han at det som hende i jula sitt bodskap er for alle menneske til alle tider, «såmmå å som hender».

Nå har vi vaske golver og vi har børi ved,
og vi har sett opp fuggelbæin og vi har pynte tre'.
Nå ska vi ta det rolig og puste på ei stund,
imens je rugge vogna så'n bror din får en blund.

Dra krakken bortåt glaset så kvile vi litt der,
og prøve' finna leia dit julestjerna er.
Den blankeste ta æille, hu æ så klar og stor,
du ser a over taket der a Jordmor-Matja bor.

Hu æ så snill den stjerna, hu blonke kæin du sjå?
Og nå ska je fortælja, hvis du vil høre på.
Den fyste gong hu skinte så laga hu ei bru
imillom seg og himmel'n og ei krubbe og ei ku.

I krubba låg en liten gut så snill og bli' og go',
og mor hass dreiv og stelte'n og far hass sto og lo,
og gjetergutta der omkring dom kute tel og frå
og bar med seg små lamonger som gutten skulle få.

Ja, tel og med «Tre Vise Menn», som rei i mange da'r,
dom visste itte vegen og itte hen det bar.
Men stjerna skinte føre på himmelkvelven blå,
så ingen ta dom gikk bort seg og æille tre fekk sjå.

Og det var fyste kvelden som julestjerna bræinn,
men sea har a brønni i æille verdens læinn.
Og såmmå å som hender æ stjerna like stor,
du ser a over taket der a Jordmor-Matja bor.

Nå har vi vaske golvet og vi har børi ved,
og vi har sett opp fuggelband og vi har pynte tre'.
Nå sett vi øss og kvile og puste på ei stund,
imens je rugge vogna, så'n bror din får en blund.

Dra krakken bortåt glaset, så sett vi øss og ser,
og prøve' finna leia der julestjerna er.
Den blankeste ta alle, hu er så klar og stor,
– du ser a over taket der a Jordmor-Matja bor.

Hu er så snill den stjerna, hu blonke', kan du sjå?
– Og nå ska je fortælja så du kan høre på.*
Den fyste gong hu skinte så laga hu ei bru
imillom seg og himmel'n og ei krubbe og ei ku.

I krubba låg en liten gut så fresk og rein og go,
og mor hass dreiv og stelte'n og far hass sto og lo,
og gjetergutta der omkring dom kute tel og frå
og bar med seg små lam-onger som gutten sku' få sjå.

Ja, tel og med tre vise menn - dom rei i flere da'r,
og ingen visste vegen og itte hen det bar,
**men stjerna synte leia på himmelkvelven blå,
så ingen ta dom gikk bort seg og æille tre fekk sjå.

Ja, det var fyste gongen som julestjerna brann,
men sea har a brønni i alle verdens land.
Og såmmå å som hender er stjerna like stor,
– du ser a over taket der a Jordmor-Matja bor.

*Prøysen syng òg «… og du ska høre på».

**Prøysen syng òg «Men stjerna sto og blonke …»



Alf Prøysen:

JULKVELDSVISA

Nå har vi vaske golver og vi har børi ved,
og vi har sett opp fuggelbæin og vi har pynte tre'.
Nå ska vi ta det rolig og puste på ei stund,
imens je rugge vogna så'n bror din får en blund.

Dra krakken bortåt glaset så kvile vi litt der,
og prøve' finna leia dit julestjerna er.
Den blankeste ta æille, hu æ så klar og stor,
du ser a over taket der a Jordmor-Matja bor.

Hu æ så snill den stjerna, hu blonke kæin du sjå?
Og nå ska je fortælja, hvis du vil høre på.
Den fyste gong hu skinte så laga hu ei bru
imillom seg og himmel'n og ei krubbe og ei ku.

I krubba låg en liten gutt så snill og bli' og go',
og mor hass dreiv og stelte'n og far hass sto og lo,
og gjetergutta deromkring dom kute tel og frå
og bar med seg små lamonger som gutten skulle få.

Ja, tel og med «Tre Vise Menn», dom rei i mange da'r,
dom visste itte vegen og itte hen det bar.
Men stjerna skinte føre på himmelkvelven blå,
så ingen ta dom gikk bort seg og æille tre fekk sjå.

Og det var fyste kvelden som julestjerna bræinn,
men sea har a brønni i æille verdens læinn.
Og sâmmå å som hender æ stjerna like stor,
du ser a over takeet der a Jordmor-Matja bor.




# Kontingent Menighetsbladet.

Menighetsbladet for Bore, Frøyland og Orstad, Orre og Klepp er eit fulldistribusjonsmagasin som vert delt ut i alle postkassar.

Magasinet er finansiert ved annonsørar og frivillig kontingent/gåver frå lesarane.
**Frå 2025 vil det ikkje bli lagt ved blankettar i bladet.**

Nå kan du nytta

**Vipps 810948**

eller

**kontonummer: 3290 07 02239**

***TAKK FOR STØTTA!***

# Gudstenester

## Klepp Kyrkje

*(Alle gudstenester startar kl 11.00 der anna ikkje er oppført)*

**01.12. kl. 11.00**
Generasjonsgudsteneste. Lys Vaken. Dåp. Just Salvesen.

**08.12. kl. 11.00**
Gudsteneste med dåp og nattverd. Andreas Haarr.

**15.12. kl. 17.00**
Me syng jula inn. Lokale song og musikkrefter deltek.

**24.12.**
Kl. 13.30. Julegudsteneste. Just Salvesen.
Kl. 14.45. Julegudsteneste. Just Salvesen.
Kl. 16.00. Julegudsteneste. Just Salvesen.

**25.12. kl. 12.00**
Høgtidsgudsteneste 1. juledag. Nattverd. Just Salvesen.

**01.01. kl. 12.00**
Gudsteneste med dåp og nattverd. Just Salvesen.

**05.01. kl. 11.00**
Gudsteneste med dåp. Just Salvesen .

**12.01. kl. 11.00**
Generasjonsgudsteneste. Dåp. Nattverd. Just Salvesen.

**19.01. kl. 11.00**
Temagudsteneste med nattverd. Andreas Haarr.

**26.01. kl. 11.00**
Gudsteneste med dåp. Just Salvesen.

**02.02. kl. 11.00**
Gudsteneste med nattverd. Just Salvesen.

**09.02. kl. 11.00**
Temagudsteneste med nattverd. Just Salvesen.

**16.02. kl. 11.00**
